

Rakett mot norske medium

Norske medium satsar for lite på grundig utanriksdekning, meiner Stephen Walton, og den kinesiske satellittnedskytinga er eit døme.

For eit par veker sidan, for å vere meir presis den 21. januar klokka 14.45 og 22 sekund, gjekk det eit jordskjelv her på Nordvestlandet, 4,1 på Richters skala. Det rysta i huset, og braka på nett same måten som når det går eit skikkeleg takras. Men det låg lite snø på taket den dagen, så det var uråd å skjøne nett kva som hende. Først da vi høyrde på dagsnytt etterpå, forstod vi at det var jordskjelv.

Eit par dagar før jordskjelvet på Møre skaut kinesarane opp ein rakett, visstnok av typen KT2, som ikkje har vore observert sidan han vart stilt ut på ei messe for rom- og flyutstyr i Zhuhai i 2002. Det var vel ikkje nokon samanheng mellom rakettoppskytinga og jordskjelvet, sjølv om eg hugsar at gammalt folk i syttiåra ofte gjorde eit nummer av at vêret ikkje hadde vore det same sidan dei tok til å sende opp alle desse satellittane. No veit vi at dei gamle hadde rett om vêret, men av feil grunn.

KT2-raketten skaut ned nettopp ein utrangert kinesisk vørsatellitt. Siktemålet var nok å vise verda, særleg amerikanarane, at no er Kina i stand til å ta ned kva satellitt som helst. Utan satellittane stoppar verda. Det vil seie at kommunikasjonen stoppar opp, og utan kommunikasjon er det uråd å føre krig på den postmoderne måten. Det er berre blitt skote ned éin satellitt på denne demonstrative måten før, av amerikanarane i 1985.

Førstesidestoff

Det er ikkje tvil om at den kinesiske satellittnedskytinga er ei storpolitisk hending av første rang. Ho vart slått opp som førstesidestoff i Guardian Weekly for veke 5, med leiarartikkel og ein grundig kommentar. Også Der Spiegel analyserte saka under tittelen «Schuss vor den Bug». Eit skot for baugen er den mest optimistiske utlegginga, altså at Kina vil tvinge amerikanarane til forhandlingsbordet no når dei er svekte på grunn av Irak-krigen. Etter denne tolkinga vil Kina få til ei demilitarisering av romet og ein traktat mot stjernekrig.

Kommentator Hutton i The Guardian er meir pessimistisk, og tolkar nedskytinga saman med den målretta kinesiske opprustinga som eit teikn på at dei faktisk planlegg å presse Taiwan tilbake i Midtens rike, om nødvendig med militærmakt. Dette opnar for ein mogeleg storkrig i Asia, og kanskje ikkje berre der.

I norske medium har det vore forbausande lite analyse av satellittnedskytinga. Saka er blitt ståande mest på notisnivå, lausriven frå alle tenkjelege og ikkje minst utenkjelege samanhengar. P2s Dagsnytt Atten held på å bli til ein versjon av Holmgang for svaksynte, der siktemålet er å få to brushanar til å gyve laus på kvarandre så fjørene fyk så fort som råd og i endelause langdrag. Der har vi fått Valla opp og Valla ned, dag etter dag etter dag, og ein godt eksponert nyttilsett NRK-sjef til dessert. Hadde det dala ned satellittrestar over Bergen, kunne kanskje Steinfeld ha blitt aktiviserer på ein fredag, men nei. Det ligg vel ikkje nok *temperatur* i dette. Ein kan ikkje eingong leggje ansvaret på muslimane. Dermed blir det ei daud sak.

Umyndiggjort

Eg driv for tida og les om nedlegginga av det hawaiianske skriftspråket etter det amerikanske statskuppet der i 1898. Tidlegare på 1800-talet fanst det ei omfattande hawaiiansk-språkleg presse, stort sett organisert av amerikanske misjonærar. Opposisjon hadde eit blad som la stor vekt på utanriksnyhende nettopp som motvekt mot «den infantiliserande strategien til misjonæranne», som Noenoe Silva skriv.

Eit samfunn utan god og grundig utanriksrapportering blir infantilisert, dvs. umyndiggjort. Det er billegare med vinspalter og råd om samliv, men ein blir sløv i lengda. Demokratiet blir svekt. Skal vi verkeleg vere nøydde til å gå til utanlandske nyhendekanal for å få eit grundig reflektert syn på det som skjer ute i verda? Slik norske medium prioriterer, er vi omtrent der. Og det er ikkje trygt å leve i eit hus dersom ein ikkje høyrer skilnad på jordskjelv og takras.

Stephen Walton

Stephen Walton er professor i nynorsk skriftkultur ved Høgskulen i Volda.